

# BACHELOROPPGÅVE

«Kvifor vel foreldre naturbarnehage?»

” Why do parents choose a nature-based kindergarten for their children?”

Kandidatnummer: 315

Bacheloroppgåve: BACH 301

Sogndal, 25. Mai, 2023



Høgskulen  
på Vestlandet

## Forord

Denne oppgåva markera mi avslutning på eit treårig studie innanfor barnehagelærer med vekt på natur og friluftsliv. Eg har gått to fine og lærerike år på Dronning Maud Minne Høgskule, før eg nå siste året får avslutte ved Høgskulen på Vestlandet. Når eg nå tenkjer attende på dei tre åra eg snart har lagt bak meg, har eg mykje å vera takknemleg for. For det fyrste er eg takknemleg for at eg har funne ut at kva eg vil arbeide med og for, og at det er eit av dei viktigaste arbeida som finst i mine auger. Eg har tileigna meg mykje god kunnskap i frå dyktige lærarar, som eg vil ta med meg inn i arbeidet som barnehagelærer. Ikkje minst har eg også møtt utruleg fine folk på denne reisa, både av eldre, jamaldringar og barn. Eg vil rette ein stor takk til familien min og venar som har støtta meg i frå start til slutt. Eg vil også takke alle lærarane eg har fått lære av og bli kjend med i dette studieløpet, og ikkje minst min rettleiar som har kome med gode råd til denne oppgåva.

Etter tre år på barnehagelærerstudiet har eg fått større forståing av viktigheita ved dette yrket. Studiet har motivert meg til å bli ein betre versjon av meg sjølv, også i møte med andre. Nå kjenner eg at eg er meir sjølvstikker, motivert og klar for å arbeide med barn. Mitt pedagogiske grunnsyn har både endra seg og vorte forsterka. Eit mål eg har hatt sidan eg begynte på dette studiet, er at eg skal gjere det eg kan for å gjere kvar dag i barnehagen bra for det enkelte barnet.

Takk.

## Summary

Due to my interests in nature and outdoor life, I find ways to apply the knowledge I know to the education of children fascinating. Therefore, the concept of a kindergarten with nature as a main subject and background strongly fit my qualities and passions. This and my dream to someday run my own nature-based kindergarten led to my chosen question, which I have worked on to answer in this assignment:

” Why do parents choose a nature-based kindergarten for their children?”.

To be able to answer this question, I chose to use interviews as a qualitative method of gathering empiricism. Developing an interview guide helped make the work more streamlined and continuous when both preparing and processing the data, I gathered from the parents who volunteered to participate. After processing the data gathered, several interesting answers emerged. One of the reasons why parents choose these types of kindergartens is the possibility of enhancing the development of the children`s motor skills at an early age. Another was that since our everyday life is more and more influenced by technology and a more stationary workload, they find it healthy to introduce the positives of being outside and in motion to the next generation.

These two examples can be viewed as separate results, but they can also be seen in combination. As described by Jørgensen (2018), in the last decade the everyday life of each family has changed considerably. This applies to how they live, how they travel, and the increasing time spent sitting stationary in front of digital tools (Jørgensen, 2018, s.256). Each of these factors affects the development of a child, both mentally and physically. More on these aspects and how they may affect, and other interesting results are covered in this assignment.

## Innholdsliste

Forord .....	1
Summary .....	2
Innleiing .....	5
Omgrep forklaring.....	6
Naturbarnehage.....	6
Friluftsliv .....	6
Teoretisk grunnlag.....	6
Foreldre.....	6
Naturbarnehagar .....	7
Forsking knytt til naturbarnehage.....	8
Menn i barnehagen .....	8
Effekten av naturbarnehage .....	9
Kroppsligheit.....	10
Naturopplevingar og nærmiljø.....	10
Dagens samfunn .....	11
Metode.....	13
Intervjuguide.....	13
Generalisering, reliabilitet og validitet .....	13
Val av intervjupersonar .....	14
Gjennomføring av intervjuet .....	15
Etiske utfordringar.....	15
Presentasjon av intervjupersonane .....	16
Generell info om barnehagen .....	16
Resultat og drøfting.....	17
Naturbarnehage.....	17
Samfunnet .....	18

Godt rykte? .....	18
Påverking? .....	18
Menn i barnehage .....	20
Naturen som læringsarena .....	20
Utemiljøet .....	21
Utfordringar .....	21
Noko å leggje til?.....	22
Konklusjon og avslutning.....	22
Kjelder.....	24
Vedlegg 1 .....	25
Vedlegg 2 .....	26
Vedlegg 3 .....	28

## Innleiing

I Styringsdokumentet Rammeplan for barnehagen – innhald og oppgåver, står det blant anna at barnehagen skal leggje til rette for at barn kan få eit mangfald av naturopplevingar, og få oppleve naturen som ein arena for leik og læring året rundt (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.52). Dette er noko eg meiner er viktig å gjere i barnehagen, der eg trur opplevingar i naturen er noko barn vil ha med seg vidare i vaksenlivet. I barnehagen er vi med på å påverke danninga til barna. Ved å vise oss som gode rollemodellar og brukar naturen aktivt, kan gjere at naturen får ei betydning for barna. Dette både ved å til dømes utvikle skiglede ved å gå på ski i barnehagen, eller at ein som vaksen blir meir bevisst rundt berekraft.

Sjølv har eg stor interesse for natur og friluftsliv, og tykkar at det er viktig at barna lærar seg å vera ute, og bruke naturen aktivt. Bakgrunnen for valet av problemstilling handlar ikkje berre om mi interesse og grunnsyn knytt til aktiv bruk av naturen, men også det at eg har ein draum om å ein gong kunne starte min eiga naturbarnehage. Da finn eg det nyttig i å spørje føresette, om kvifor dei vel ein slik barnehage for sitt barn. Slik veit eg kva interesse og moglegheiter eg kan ha og tenkje på, i mine framtidige planer.

Temaet er relevant, der det er eit aukande fokus på barn og friluftsliv. Lysklett (2013) skriv at naturbarnehagar hadde ein beskjeden start på slutten av 1980-talet, men ved årtusenskiftet var det ei kraftig auking av slike barnehagar. Bakgrunnen for denne veksten omhandlar til dømes rimelegare barnehageplassar, og stor oppmerksomheit i media. Arbeid i ein slik barnehage kunne også verke til å vera meir attraktivt for menn, og også da for foreldre som ville ha mannlege rollemodellar for sine barn. I tillegg meinte både foreldre og tilsette at ein naturbarnehage ville påverke til ein lykkeleg barndom (Lysklett, 2013, s.40). Dette nemner også Vedum (2005), der han har spurt studentar om korleis dei reflektera over den gode barndom. Attendemeldingane han fekk, handla mykje om opplevingar i samvær med venar og familie ute i naturen (Vedum et. Al., 2005, s.17).

*«Foreldre som velger naturbarnehager for sine barn, ønsker å gi barna utendørserfaring i tidlig alder, og utendørs lek preger foreldres syn på en lykkelig barndom» (Lysklett, 2013, s.40).*

Ut i frå dette har eg valt problemstillinga: kvifor vel foreldre naturbarnehage?. Eg vil starte med å forklare nokon omgrep, som vil bli brukt i oppgåva. Deretter vil eg sjå på det teoretiske grunnlaget knytt til moglege grunnar for at foreldre vel naturbarnehage, før eg ser på nokon av resultatane i frå den innsamla empirien. Eg brukte kvalitativ metode i form av intervju, der

det passa til problemstillinga mi. Eg ynskjer å belyse bakgrunnen for dei føresette sitt val, om å ha barna sine i ein naturbarnehage. Valet av datamateriale eg vil bruke er vald på bakgrunn av både like og ulike synspunkt i frå dei ulike føresette. Det vart eit spanande resultat, der blant anna kroppsbeheerskelse, respekt for dyr og natur og takknemlegheit for naturbarnehage kom godt fram. Eg vil drøfte resultatata knytt til teori, tidlegare forskning empiri, før eg til slutt kjem med ei avslutning.

### Omgrep forklaring

**Naturbarnehage:** Kjenneteikna ved naturbarnehage er at dei etter innhald er basert på uteliv og bruk av naturen i større grad enn det som er «vanleg». Søkjelyset er i større grad sett på miljøvern, kunnskap om naturen og opplevingar i skog og mark. (st.meld. nr. 27 (1999-2000), s.66).

**Friluftsliv:** Friluftsliv kan bli definert på ulike måtar, men som Neegaard (2020) skriv, er friluftsliv eit overskotsfenomen. Det inneber opphald og aktivitet i natur, som både har kvalitetar og ein eigenverdi ved seg (Neegaard, 2020, s.73).

### Teoretisk grunnlag

#### Foreldre

Barn tilbringar i dag meir av sin vakne tid i saman med profesjonelle omsorgsgjevarar, enn dei gjer med sine eigne foreldre (Glaser, 2021, s.36). Familie i det moderne samfunnet i dag, skriv Glaser (2021), at en stor del av foreldra er dobbeltarbeidande. Ho skriv vidare at dette er prega av utgifter og høge levekostnadar, som gjer at foreldre både tek høgare utdanning og treng inntekt i frå begge partar. For dei dobbeltarbeidande vil det vera eit høgt tempo, og det er fleire som opplever at dei har mindre tid til barna. Ikkje minst er det også eit auka krav og forventningar til foreldrerolla. Denne kombinasjonen kan gjere at foreldra får enda mindre tid, og at dei får ein grobotn av kjensler som skyld og at dei ikkje strekker til. At livet til familien er travelt, pregar familien, og ikkje minst barna (Glaser, 2021, s. 29).

Glaser (2021) skriv at endringar i familien og samfunnet, vil skape utfordringar både for familien og institusjonen. Dei tradisjonelle verdiane for familiedanning, og barneoppdragels blir endra raskt i vårt samfunn. Nå i dag er det stadig færre barn som veks opp i stabile, sosiale og eit kultur miljø. Før i tida vart barneoppdragelsen ført over i frå generasjon til generasjon, nå i det moderne samfunnet skjer dette i mindre grad. Dette er prega av at nå-dagens foreldre har mindre kontakt og større avstand til sine foreldre, som førar til at dei ikkje

har nokon rollemodellar dei kan bli prega av. Dei kan i staden for sjå på personalet i barnehagen som pedagogiske førebilete (Glaser, 2021, s. 33).

### Naturbarnehagar

Lysklett (2013) skriv at historia om utviklinga av naturbarnehagar i Noreg, er tett samanvevd med samfunnsutviklinga. Bakgrunn for denne utviklinga, er prega av barnehagen sin historie og utviklinga av friluftsliv (Lysklett, 2013, s.17). Fram til slutten av 1800-talet var ikkje friluftsliv eit overskotsliv som i dagens samfunn. På denne tida var folk på landsbygda mykje ute i naturen, men aktivitetane dei dreiv med hadde alltid eit nyttepreg. Livet og naturen har vore ei naturleg og viktig del av livet for menneskjer i Noreg i lang tid. Utover 1900-talet vart friluftsliv for allmenheita meir aktuelt, då lovfesta rettigheitar førte til blant anna reguleringa av arbeidstid. Natur og friluftsliv fekk større og større vekst, da fleire samfunnsgrupper fekk betre ordningar og tid til å kunne søkje ut på fritida si. Lysklett (2013) skriv at på den tida, var friluftsliv som overskotsliv, utan eit tydeleg nyttepreg, som er eit meir moderne fenomen (Lysklett, 2013, s. 20).

Utvikling av naturbarnehagar i Noreg, har føregått ved at enkelte barnehagar som har hatt meir fokus på natur og friluftsliv, har vore inspirasjonskjelder og pådrivar for konseptet. Lysklett (2013) referera til blant anna Tømm Murstad, som lagde leikeapparat knytt til omgjevnadane, og underviste enkel innføring i livet til planter og dyr. Vidare nemnar Lysklett (2013) ein barnehage i Volda, som valde å ha fokus på bruk av natur og friluftsliv. Berit Koen som var ein av dei som starta opp denne barnehagen, heldt kurs og laga hefte med informasjon og praktiske tips, rundt det å vera ute i barnehagen. Dette vekka interesse for andre barnehagar, som også hadde eit ynskje om å vera mykje ute i naturen (Lysklett, 2013, s.23).

Naturbarnehagar har vore i stor vekst tidleg på 2000 talet. Lysklett (2013) nemnar at det er stor generell auking i barnehagesektoren, engasjerte og motiverte tilsette, attraktivt for menn og stor oppmerksomheit i media som har påverka til dette. Eit anna punkt Lysklett (2013) nemnar er foreldre sitt syn på lykkeleg barndom. Her skriv han blant anna at føresette som vel naturbarnehage for sine barn, ynskjer å gje barna erfaringar utandørs i tidleg alder. Leik utandørs pregar dei føresette sitt syn på ein lykkeleg barndom. Argumenter som ligg til grunn, er blant anna ynskje om å gje barna positive haldningar og kjennskap til naturen, og det å vera ute å bruke naturen mykje (Lysklett, 2013, s. 40).



### Forsking knytt til naturbarnehage

Klepsvik (1995) utførte ein kvalitativ undersøking basert på observasjon og intervju av tidlegare barnehagebarn, foreldre og personale, for å sjå forskjellen på natur- og tradisjonell barnehage. Resultatet var at barn frå naturbarnehagar huskar best opplevingar utandørs, medan dei i frå tradisjonell barnehage hugsar betre det som var innandørs. I tillegg reiser barn som har gått i naturbarnehage meir på overnattingsturar, med sine venar. Klepsvik (1995) skriv at dei registrerte forskjellane blir forklart med at barn som har gått og går i naturbarnehage, har tileigna seg erfaringar, kjennskap og kunnskap om natur, friluftsliv og god motorikk. Korleis kulturen er i barnehagen har mykje å seie for kva for erfaringar og kunnskap barna har tilgang på, knytt til natur og friluftsliv. Eit slik grunnlag gjev dem betre forutsetningar for å drive med friluftsliv seinare i livet (Klepsvik, 1995).

Det er gjort fleire studiar rundt barnehagebarn med tilgang og aktiv bruk av naturområde, som resultera i at desse barna utviklar betre motorikk, enn barn i andre barnehagar (Lysklett, 2013, s.143). Lysklett (2013) skriv at det er stor usikkerheit knytt til slike målingar, og at vi derfor ikkje kan stole blindt på dei forskingsresultata. Det vi derimot kan sjå på, er at desse resultata har ein samanheng, der dei peikar i den same retninga. Naturen inviterer til allsidig fysisk leik, og stimulerer barna sin motorikk på ein god måte. Det er summen av alle utfordringar eit barn får, som avgjer korleis motorikken blir utvikla (Lysklett, 2013, s.143).

Ei anna studie er Häfner (2002) gjengjeven i Lysklett (2013), sin forsking av korleis lærarar i fyrste klasse vurderte elevar med bakgrunn i frå ein naturbarnehage. Forskingsresultata gav svar som at barna er meir sosiale, mindre aggressive, passa betre på andre barn, hjelp andre barn, og arbeidar betre i team. Han skriv vidare i sin studie, at barna utviklar gode sosial evner, på bakgrunn av blant anna at dei ikkje har like mange leiker å leike med. Dette førar til at barna leik meir med andre, og utviklar kommunikative og sosiale evner. Häfner (2002) meiner også at naturbarnehagar gjev barna større friheit, som gjer at barna blir meir sjølvstendige (Lysklett, 2013. s.146).

### Menn i barnehagen

Lysklett og Emilsen (2013) har undersøkt kva som kjenneteiknar menn i naturbarnehage, i forhold til andre barnehagar, og det er ikkje noko forskjell på alder, stilling eller utdanning, men ein såg det meir på kva for fritidsinteresse og kompetanse innanfor friluftsliv dei hadde. Menn som arbeidar i naturbarnehage har gjort eit klart val for seg sjølv, men også ved at dei meiner at barna får god kunnskap om og opplevingar i naturen. Ut i frå deira undersøking, ser

ein at det er høgare prosentdel menn i ein naturbarnehage med 24%, mot 16% i andre barnehagar. I tillegg føler menn i naturbarnehagar på meir friheit og eit meir variert å arbeide ute enn inne, som gjer at dei kjennar på stor trivsel på sin arbeidsplass (Lysklett, 2013, s. 132).

Bente Nordmo (2023) er stipendiat og førsteamanuensis, og har sett på korleis mannlege og kvinnelege tilsette stimulerer jenter og gutar i fysisk aktivitet i barnehagen sitt uteområde. Dette på bakgrunn av at barnehagetilsette både ynskjer og meiner sjølve, at dei behandlar gutar og jenter likt. Eit av Nordmo sitt hovudfunn, var at mannlege tilsette er meir spontane i leiken. Den mannlege tilsette dreiv meir med herjeleik, som vil seie leik som til dømes leikebryting. Dette tiltrekte seg både gutar og jenter i barnehagen, men den mannlege tilsette vart observert til å vera meir forsiktig med jentene. Den kvinnelege tilsette følgde meir reglar og rolege leikar, som bordaktivitet med perler og teikning (Dietrichson, 2023).

### Effekten av naturbarnehage

Knytt til sitatet frå Lysklett (2013) innleiingsvis, skriv han også at foreldre som oftast gjer eit bevisst val av barnehage for sine barn. Føresette knyt ein lykkeleg barndom til det å få positive haldningar og kunnskap til naturen, vera mykje ute og som følgje av det få god motorikk (Lysklett 2013, s.40). Den gode barndom i ein barnehagen, skriv Pape (2013) er eit omgrep som er vanskeleg å definere. Dette kan vera at ein opplev at livet er godt, og ho skriv vidare at leik og leikande samspel står sentralt i opplevinga av den gode barndom.

Opplevinga kan bli påverka av ulike faktorar, som til dømes endring i barnet sin livssituasjon. Pape (2013) nemnar at vi kan anta at barnet sin personlegdom, barnet sine nærigaste omsorgsgjevarar og omsorgsgjevarane sin livssituasjon er faktorar som kan spele inn (Pape, 2013, s.15).

Borge et al. (2003), gjengjeven i Lysklett (2013), peikar på at dei føresette sitt syn på den gode barndom har vore med på å forme naturbarnehagen. Dei meiner at nordmenn sin nære tilknytning til naturen og ynskje om å gje barna erfaring utandørs i tidleg alder, pregar dei føresette sitt syn på ein lykkeleg barndom (Lysklett, 2013, s.40). Grahn (1997) sin forskning på naturbarnehagar, tek for seg ein barnehage med naturfattig uteområde, og ein med naturrikt uteområde. Denne forskinga viste til ubetydelege forskjellar på grovmotorikk, men signifikante forskjellar innanfor smidigheit, balanse og styrke. I tillegg hadde barn i naturrikt uteområde mindre sjukefråvær, og betre evne til å konsentrere seg, enn barn i frå den andre barnehagen. Punkt som; motorisk utvikling, fysisk aktivitet, sjukdomsfråvær, natur som arena

for barn sin leik, konsentrasjon, kreativitet og oppmerksomheit, har vore forska på i naturrike og naturfattige uteområde (Grahn, 1997, s.7).

Fjørtoft (2000 - 2004) samanliknar barnehagebarn som leikar i eit naturmiljø, og barn som leikar i eit tradisjonelt leikeområde utan store utfordringar. Ingen av desse er naturbarnehagar, men forskinga visar til gode argument for den motorisk utviklinga til at barn er betre i eit naturmiljø. Fjørtoft (2000 - 2004) skildrar dei ulike årstidane, med kva moglegheiter det vil skape for barna sin leik i eit naturmiljø. Endringar i landskapet, vil påverke barn sin leikeåtfærd. Om vinteren vil til dømes engene vera arenaer for skigåing, dei bratte bakkane kan ein skli ned og mengda snø kan gjere det enklare å klatre i tre. Ein ser at miljøet har innverking på barn sin motoriske utvikling, og Fjørtoft (2000 – 2004) si forskning visar til at det var betydeleg forskjell på balanse og koordinasjonsevner i dei ulike barnehagane (Fjørtoft, 2000-2004, s. 18).

### Kroppslegheit

Vedum (2005) nemnar at eit sentralt aspekt i naturbarnehagepedagogikken er å gje barn utfordringar og moglegheiter til å forbetre sin eiga fysiske form, og utvikle grov- og finmotoriske ferdigheiter (Vedum et al, 2005, s. 44). Ut i frå forskinga som Lysklett (2013) nemnar, ser ein samanhengen med bruken av natur og motorisk utvikling. Langholm (2018) skriv også om dette, der naturen byr på mange og allsidige moglegheiter til fysisk aktivitet, og da utvikling av fysiske eigenskapar som styrke, utholdenheit og rørsle (Langholm et al, 2018, s. 54). Noko som er med på å påverke dette, er at naturen byr på affordances. Fjørtoft (2018) visar til Gibson (1979) sin teori om affordances, som beskriv funksjonen eit element i landskapet kan tilby individet. Barn oppfattar element i landskapet som funksjonar, og kva dei kan tilby, som til dømes å klatre, skli, hoppe og kaste (Fjørtoft et al, 2018, s. 190). Vedum (2005) skriv også at naturen er eit variert og sansestimulerande miljø, i deira utforsking (Vedum et al, 2005, s.54). Kvammen (2021) skriv at sansane våre gjev oss informasjon om verka kring oss, og at vi brukar dei til å orientere oss i omgjevandane våre, også i møte med andre (Kvammen et al, 2021, s.480).

### Naturopplevingar og nærmiljø

Vedum (2005) skriv at ein naturbarnehage handlar om å bruke heile seg ute i naturen, og det å meistre, vise omsorg og kjenne at ein er ein del av eit fellesskap. Han skriv vidare at resultatet av dette er at barn blir meir glade i å vera ute, trygge, sjølvstendige og gode på å ta ansvar for kvarandre heilt naturleg (Vedum et al, 2005, s. 21). Ute i naturen kan barn bli kjent med og

lære om planter og dyr, og om samspelet i naturen. Når barn får kunnskap om dyr og planter, vil dei kunne utvikle forståing og respekt for alt som lev (Vedum et al, 2005, s. 29). Vedum (2005) skriv også at naturen lev, og er i stadig endring. Dette er til dømes noko årstidene dreg med seg, som spanande lydar, luktar, smakar, dyr og vegetasjon (Vedum et al, 2005, s.19). Langholm (2018) skriv at naturen gjev barn meistringsmoglegheiter, og læring som tek utgangspunkt i barn sin medverking, altså erfaringar, tankar og teoriar barna har, engasjera dei (Langholm et al, 2018, s. 23).

Prøis (1998), gjengjeven i Vedum (2005), gjennomførte ei spørjeundersøking på studentar, og for dei som svarte var naturmiljøet og der dei var vaksne opp ei stor betydning for deira stadstilhøyrslle. Prøis (1998) meinte at ein av grunnane til at naturen i nærmiljøet betydde mykje for deira tilhøyrslle, kunne vera på grunn av dei i naturen som barn har funne seg nokon favorittstadar. Slike stadar kan bety mykje for at ein skal få ei tilknyting og eigarforhold til der ein er oppvaksen. Prøis (1998) referera til Nordstrøm (1986), som hevda at stadstilhøyrslle er viktig for danning av eigenidentitet. Denne eigenidentiteten består blant anna av kunnskap om miljøet ein veks opp i. Langholm (2018) skriv at betydninga av å utvikle tilhøyrslle til naturen kan verke underkommunisert, noko som gjer at tilrettelegging for gode naturopplevingar blir enda viktigare. Ein tilhøyrslle til ein stad kan vera relevant for å utvikle begynnande forståing for ulike tema, som til dømes berekraftig utvikling (Langholm et al, 2018, s. 60).

### Dagens samfunn

Jørgensen (2018) skriv at innanfor eit tidsspenn på 30 år, har det skjedd endringar som har påverka vår eiga og våre barn sin livsstil. Det er til dømes bu-struktur, økt bilbruk, føresette si deltaking i arbeidslivet og politiske føringar rundt barnehagesektoren som har påverka barna sit kvardagsliv og moglegheit for fysisk aktivitet. Dette er også kalla samfunnsmessige endringar, som både har skapt moglegheiter og begrensingar for barn, fysisk aktivitet og leik. Han skriv vidare at blant anna miljøet eit barn veks opp i med tanke på tilrettelegging frå vaksne og tilbod av natur har noko å seie for barn sin kroppslege utvikling (Jørgensen, 2018, s.256).

Lysklett (2013) nemnar Lyseth-komiteen som i 1962 skreiv at den samanhengande inneleiken ikkje burde overstige to timar, der barna i staden for skulle bruke tida ute og i leik (Lysklett, 2013, s.27). Nå i dag er det Helsedirektoratet som kjem med anbefalingar kring dagleg fysisk aktivitet. I 2022 kom dei med ei endring, der barn under fem år burde vera aktive med rørsle,

aktivitetar og leik i minst 180 minutt, i staden for tidlegare anbefalingane på 60 minutt (Helsedirektoratet, 2022). Jørgensen (2018) referera til det sosial- og helsedirektoratet skreiv i 2004, om at dagens fysiske aktivitet blir sett på som eit globalt folkehelseproblem. Dette gjeld både den fysiske- og psykiske helsa. Verdens helseorganisasjon (WHO), sin definisjon av helse er ikkje berre fråvær av sjukdom, men ein tilstand av fullstendig fysisk, psykisk og sosialt velvære (Jørgensen, 2018, s.258).

Moglegheitene for barn si utvikling er avhengig av miljø og rørslemoglegheiter. Det at grunnleggande motoriske ferdigheitlar blir sett i tilknytning til livsmeistring og helse i Rammeplan for barnehagen 2017, viser at dette fagområdet er viktig for barn sitt individuelle- og samfunnsperspektiv (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.11). Det individuelle perspektivet knytt til dette temaet, omhandlar at barna får innsikt og forståing av kva dei til dømes meistrar og ikkje. Barna vil etter kvart som dei utforskar og utfordrar seg sjølve, forstå kva forutsetningar dei har der og da. Dette er ikkje noko som er nøydd til å vera slik for alltid, men akkurat «her og nå». Samfunnsperspektivet omhandlar til dømes korleis barna utforskar seg sjølv i forhold til omgjevnadane. Merleau- Ponty meinte at mennesket er kroppssubjekt i rørsle og samspel med omverda. Barn er i ei fase der dei utforskar omgjevnadane, andre menneskjer, seg sjølv og eigne moglegheiter, og det er gjennom prøving og feiling barn får forståing av eiga grad av moglegheiter og begrensingar (Sandseter et al, 2018, s.55).

Nemnd ovanfor er mangel på fysisk aktivitet betrakta som ei viktig utfordring i dagens samfunn, og noko av det vi ser meir av som kan ha påverking på dette er det digitale verktøyet (Jørgensen, 2018, s.259). Vedum (2005) skriv også om dette, der barn blir påverka av den hektiske kvardagen til sine føresette. Fjernsynet dominera i mange heimar, der føresette brukar dette som eit «hjelpemiddel» til barnepass, slik at dei sjølve kan få gjort ærend og «kvile». Skiftande bilete, støy, fart og spenning, kan føre til at barna arbeidar med desse inntrykka i hovudet i kanskje fleire timar om dagen (Vedum et al, 2005, s.18). Tidlegare var ikkje dette eit like stort problem, der vi ikkje hadde like stor tilgang til dette. Det var meir kroppsleg arbeid, vi gjekk og sykla meir om vi skulle burt, og nå i dag har dei fleste ein bil. Den auka bilbruken gjer også at det blir tilsette som farlegare å ferdast etter bilvegen. I tillegg blir det nå utarbeidd nye boligar og liknande der det før var grøntareal, som barna kunne leike og utforske (Jørgensen, 2018, s.259).

## Metode

Metode er ein reiskap ein tek i bruk, i møte med noko ein vil undersøkje. Den utvalde metoden, hjalp meg å samle inn data, som vil seie den informasjonen eg treng til undersøkinga mi (Dalland, 2020, s. 53). Eg har vald er kvalitativ metode, som vil seie at eg gjennomførte den med å ta sikte på å fange opp mening og oppleving, som ikkje let seg talfeste eller måle. Intervju er reiskapen eg brukte, der eg var interessert i å finne ut av dei føresette sine tankar kring naturbarnehage og valet dei tok knytt til dette. Ved å bruke intervju, fekk eg møte informantane og kome nærare inn på dei. Eg fekk da samla inn datamateriale i direkte kontakt med det eg vil undersøkje. Metoden var prega av fleksibilitet utan faste svaralternativ, som var med på å gjere at dei kunne svare opent. Eg følte at eg fekk ei betre forståing av intervjupersonane gjennom dette, der eg fekk eit innanifrå perspektiv om deira tankar og meiningar.

## Intervjuguide

Intervjuguiden eg utarbeidde, blei til ut i frå problemstillinga eg hadde valt meg. Eg laga spørsmål ut i frå kva eg ville ha svar på, kva eg sjølv kunne ha svart på og kva eg fann av teori rundt temaet naturbarnehagar, som til dømes menn i barnehagen. Eg delte opp dei seksten spørsmåla inn i ulike tema, som eg tykte høyrde i hop. Dette var tema som, naturbarnehage, foreldresamarbeid, personalet, menn i barnehage og natur. Semistrukturert livsverdintervju er når temaet skal bli forstått ut i frå intervjuperson sine egne perspektiv, med vekt på meininga og fortolkinga av det som blir sagt. I eit slik type intervju følgjer ein intervjuguide med bestemte tema og forslag til spørsmål (Dalland, 2020, s.68). Ut i frå kva eg ynskte å få ut i frå intervjuet og korleis eg skulle gjennomføre det, var det spesielt to aspekt i frå Kvale og Brinkmann (2015) gjengjeven i Dalland (2020), eg ville arbeide mot. Dette var meining, der eg hadde eit ynskje om å få fram meininga til intervjuperson rundt dette temaet. Den andre aspektet var positiv oppleving, som er ei kjensle eg ynskte både for meg og intervjupersonen (Dalland, 2020, s. 70.)

## Generalisering, reliabilitet og validitet

Generalisering skriv Dalland (2021) betyr å få vite om utvalet med stor sannsynlegheit også gjeld for heile populasjonen. Populasjonen vil i denne situasjonen seie alle føresette som har vore i situasjon med å ha barnet sitt i ein naturbarnehage (Dalland, 2021, s. 138). Eg har kunn intervju fire føresette i same naturbarnehage. Det gjer at eg ikkje kan vera heilt sikker på om alle føresette meiner det same, og kan derfor ikkje generalisere. Det eg derimot kan støtte meg

på, er teorien til Lysklett (2013), som går inn på fleire av dei fagområda og tema eg har fått til svar.

Reliabilitet blir beskriven av Dalland (2021) som pålitelegheit, og som omhandlar at målingar blir utført korrekt og at eventuelle feilmarginar blir angitt (Dalland, 2021, s. 43). Målingane eg har i min kvalitative metode, blir da spørsmåla eg stilte intervjupersonane. Eg stille dei same spørsmåla til dei fire informantane mine, og eg gav dei god tid til å svare og utdjupe. Ikkje minst var det ein tillitsvekkande måte å gjennomføre denne metoden på, der eg informerte godt om anonymitet, der dei kunne stille spørsmål og alle skreiv under. Eg legg også ved spørsmåla mine i denne oppgåva (vedlegg 3), som gjer at ein anna forskar kan bruke dei same i ei anna anledning.

Dalland (2021) nemnar også validitet, som står for relevans og gyldigheit. Det som blir målt, må ha ein relevans og vera gyldig for det problemet som blir undersøkt (Dalland, 2021, s.43). I denne oppgåva var det «kvifor vel føresette naturbarnehage», og eg stilte ulike spørsmål for å kunne oppnå ulike og gode svar til dette temaet. Relevansen dette har, er som nemnd tidlegare på bakgrunn av eiga interesse og draum om å starte ein slik barnehage, i tillegg til at det er lite forskning på dette temaet. Eg trur også at det har ein relevans, med tanke på dagens samfunn, noko som eg vil kome attende til i resultat og drøfting. Spørsmåla eg hadde følte eg sjølv var formulert på ein god måte, men eg hadde eit par spørsmål som kunne bli tolka på ein annan måte. Dette var eit knytt til foreldresamarbeid, der informanten tolka det som samarbeid foreldra i mellom, i staden for dei tilsette sitt samarbeid med foreldre. Dette er noko eg såg i etterkant, kunne vore stilt på ein annan måte. Elles var det ikkje noko som fekk store konsekvensar.

### Val av intervjupersonar

Eg tok fyrst kontakt med styrar i naturbarnehagen og informerte om oppgåva og ynskje om å få gjennomføre intervju hjå dei, av dei føresette. Barnehagen var opne for at eg kunne kome dit og intervju, og gjennom samarbeid med dei, valde vi ut føresette eg kunne spørja om å intervju. Nokon av kriteriana eg tenkte var viktige for val av føresette, var blant anna kva yrkesbakgrunn dei hadde, med tanke på at eg ikkje berre ville ha faglege svar, i frå til dømes barnehagelærarar og lærarar på småskulen. Eg tenkte også på å intervju føresette med barn i frå både små- og storbarnsavdelinga, for å sjå om det kunne vera ein forskjell. Styraren spurde potensielle intervjupersonar, og kontakta meg når dei bekrefta at dei kunne stille. Eg kontakta dei fire intervjupersonane på e-post, og takka for at dei ville stille, med informasjonsskriv

(vedlegg 1) og samtykkeskjema (vedlegg 2) som vedlegg. Eg valde ut ei veke å gjennomføre intervju på, og spurde om dei hadde moglegheit for å møte til intervju, og i saman bestemte vi tidspunkt. Det var ulike ynskje, men nesten alle ville ha i ein hente- eller leveringssituasjon, med tanke på at barnet ikkje skulle tru ein vart henta tidlegare og ville vera med sin forelder.

### Gjennomføring av intervjuet

Eg starta intervjuet med å fortelje om meg sjølv, dette for å skape kontakt med intervjupersonane. Intervjuet leie eg ut i frå mitt ferdigheitsnivå, og eg gjorde slik Dalland (2020) skriv, om at eg som student kunne vera audmjuk, og fortalde intervjupersonane at deira informasjon er viktig for mi læring på fleire plan (Dalland, 2020, s.66). Eg sa blant anna at «det finnst ikkje nokon rette eller gale svar, for det er dine tankar og meiningar eg er interessert i». Den setninga følte eg gjorde at nokon av foreldra slappa noko meir av i skuldrane sine. Vi fekk til ein kvardagsleg dialog i forkant, og eg trur og kjende på at intervjupersonane var bekveme med å starte og delta i intervjuet. Eg informerte om til dømes antal spørsmål, og at eg kom til å notere undervegs som dei prata. Eg fekk eit inntrykk av at dei kjende seg trygge i si deltaking, og at dette med anonymitet og taushetsplikt i frå mi side, ikkje var noko dei tvilte på. Intervjua vara mellom 40 min, til rett over ein time og eg følte at dei gav utfyllande svar. Eg følte at eg klarte å vise at eg ikkje berre skreiv ned det som vart sagt, men at eg var lyttande. Det gjorde eg ved å bruke kroppsspråket, framover lent mot intervjupersonen, nikke på hovudet og sjå på dei. Eg spurde etter intervjuet korleis dei opplevde intervjuet, slik at eg kunne eventuelt endre på noko. Dei føresette uttrykte at det var gode spørsmål, og at spørsmåla eg stilte gjorde at dei innsåg enda meir at dei er heldige som har moglegheit til å ha barn i ein slik barnehage.

Etter undersøkinga kjende eg på at intervju var den rette metoden å bruke til denne problemstillinga, der eg fekk gode og direkte svar på mine spørsmål. Ved å ha intervju, fekk eg også moglegheita til å spørja om dei kunne utdjupe svara, og eg kunne kome med underspørsmål for å «hjelp» dei til å svare. Dette hadde ikkje gått, om eg til dømes hadde sendt ut spørjeskjema. Intervjuet som metode gjorde at dei føresette ikkje hadde høyrd spørsmåla før, men eg gav dei tid til å tenkje og utdjupe, før eg las situasjonen som at vi kunne gå vidare på neste spørsmål.

### Etiske utfordringar

Etikk handlar om normer for riktig og god livsførsel, og i denne oppgåva var det viktig å tenkje over dette. Forskingsetikk handlar blant anna om at vi som forskar ivareteke



personvernet, og sikre at dei føresette som deltek i forskinga, ikkje blir påført noko skade eller unødvendig belastning. Intervjupersonane skal føle seg trygge på at det innsamla datamaterialet er anonymt, og skriven på ein måte slik at kunn eg og informanten forstår kva vi har prata om på intervjuet. Det er fleire som tykkjer at anonymitet er ei forutsetning for å delta, og eg har vektlagt det i samtykkeskjema som vart utlevert. Eg tenkjer også at det er viktig at spørsmål og dialogen vi har i intervjuet, lyt vera prega av å vera respektfull, anerkjennande og interessert. Slik trur eg at intervjupersonen blir tryggare i dialogen, og på meg som skal arbeide vidare med informasjonen (Dalland, 2020, s.168).

### Presentasjon av intervjupersonane

I dette kapittelet vil eg ta for meg intervjupersonane sine svar, knytt til spørsmåla eg hadde til kvifor føresette vel naturbarnehage for sitt barn. Tankane og meiningane til dei føresette var interessante å høyre på. Ut i frå svara har eg både vald ut noko som stakk seg meir ut, og noko som dei føresette jamt over hadde dei same tankane.

Intervjupersonane som deltok, vel eg å ha fiktive namn og alder på for anonymitet. Anne (30) har to, snart tre barn, der begge barna har gått i naturbarnehage, og sjølv arbeidar ho som lærar på vaksenopplæring. Berit (36) er firebarnsmor, der alle barna har gått i naturbarnehage og ho arbeidar som lærar på ungdomsskule. Christian (46) har eit barn, som tidlegare har gått i kommunal barnehage, og som arbeidar som sjølvstendig næringsdrivande. David (56) har fem barn, der tre av barna har gått og går i naturbarnehage, og han arbeidar som lærar på vidaregåande. Alle hadde ei forståing av kva intervjuet skulle omhandle, nemleg kvifor dei har vald naturbarnehage for sitt og sine barn.

### Generell info om barnehagen

Dette er en privat naturbarnehage som ligg ved både skog, fjell og vatn. Dei brukar aktivt utemiljøet utanfor barnehagen sine gjerder, som består av til dømes skog, dyrkamark og gård. I denne barnehagen får barna også moglegheit til å vera med husdyr, som hest, sau, geit og høner. Barnehagen har aktivitetar som til dømes sykling, skigåing, spikking, fjøsstell og bål-tur. Barnehagen sitt inngjerda område er i skrått terreng, med sandkasse, huske, sklie og plantekasser. Sjølve huset er forholdsvis lite og gammalt, men det er gjort oppussing for å utnytte plassen betre. Måltidsituasjon skjer ofte ute, med variert kost.

## Resultat og drøfting

### Naturbarnehage

Dei fyrste spørsmåla eg stilte, la eg under kategorien naturbarnehage, og føresette. Her hadde eg eit ynskje om å finne ut generell og grunnleggjande informasjon, om dei og deira val. Eg starta med å spørja om kor mange barn dei hadde, og kvifor dei valde naturbarnehage, og eventuelt kvifor dette valet nå med tanke på om noko av barna har gått i andre barnehagar. Slik ein ser i frå presentasjonen av intervjupersonane ovanfor, har både Anne og Berit sine barn kunn gått i naturbarnehage. Christian sitt barn har gått eit år i ein ordinær kommunal barnehage, og på grunn av blant anna flytting og gode tips om denne naturbarnehagen begynte barnet der. David sine tre barn har gått i naturbarnehage, og bakgrunnen for at to av barn hans ikkje har gjort det, seier han er fordi at det ikkje fanst der før.

Dei fire informantane svara mykje likt, på kvifor dei valde naturbarnehage for sine barn. Dei verkar alle einige i den positive gevinsten barna får ved å vera mykje ute. Berit sa at alt ein treng av pedagogikk finn ein ute, som til dømes læring og utforsking av motorikk. Christian nemnde at dei ynskte utvikling av motorikk, og han nemnar til dømes det å få vera ute og klatre i tre, verka inn på motorikken. Utfordringar og moglegheiter til å utvikle seg kroppslig er eit sentralt aspekt ved naturbarnehagepedagogikken (Vedum et al, 2005, s. 44). David svara at terrengformasjonen på utemiljøet til naturbarnehagen, bestod av blant anna bakkar som gjev motoriske utfordringar. Dette er element i landskapet som barn oppfattar som funksjoner, også kalla affordances (Fjørtoft et al, 2018, s. 190).

David, Anne og Christian nemnar at moglegheita for å ha kontakt med dyr, også er ein av grunnane for valet. Dei meiner at dyr er med på å gje gode opplevingar og læring, og Christian nemnar spesifikt det med å byggje opp forståing og empati rund levande dyr. Gjennom kontakt med dyr og kunnskap knytt til omgang med til dømes dyr, vil dette kunne vera med på å auke barn sin forståing og respekt for det som lev ( Vedum et al, 2005, s. 29). David nemnar også at ved at barna får vera med å til dømes fôre dyr eller sjå at dei døyr, er med på å utvikle emosjonelle kvalitetar hjå barnet. David nemnar også at valet av barnehage, kom i frå at han tykkjer at det er bra at barna får innblikk og opplevingar som kan minne om korleis samfunnet var før i tida. Noko Lysklett (2013) nemnar i sin bok (Lysklett, 2013, s.17). Ein anna oppleving er at barna er med på å førebu barnehagen til dei ulike årstidene, og dei veks opp med å ha kontakt med dyr. Dette seiar David gjev mange fleire opplevingar til barnet, og ein rikare barndom.

### Samfunnet

Anne valde denne barnehagen for mange grunner, spesielt trekkjer ho fram korleis samfunnet utviklar seg. Det ho seier vidare er blant anna at barn i dag, er meir i heimen og brukar digitale verktøy enn tidlegare, noko og Jørgensen (2018) nemner. Anne vektlegg det ho seier med at ho er trygg på at barna får sin daglege dose med aktivitet i barnehagen, og at dei i ein naturbarnehage får erfare og danne glede av å vera ute. Anne nemnar at verda utviklar seg, og ho ynskjer å vera med på å ta tilbake det som er naturleg, og det å ha glede av nærmiljøet i det naturlege.

### Godt rykte?

Eg spurde intervjupersonane om dei hadde ei interesse for konseptet naturbarnehage, og eller om valet var påverka av barnehagen sitt gode rykte. Dette kom det nokon ulike svar på, der til dømes David svara kort og konsist at han hadde vald denne naturbarnehagen uansett interesse eller godt rykte. Christian derimot innrømmer at dei vart tipsa om denne naturbarnehagen, og at dei vart påverka av dette når dei valde barnehage. Likevel seier han at dei som foreldre ser gleda barn har av å vera ute, og dra barna inn i naturen. Berit seier at valet av barnehage både er påverka av godt rykte, men også for konseptet naturbarnehage. Ho seier sjølv at ho er glad i natur og friluftsliv, og nemnar at ved å ha barna i ein slik barnehage, frikjøper ho for dårleg samvit, som er viktig verdi for denne personen. Berit veit at ungane har det bra og veldig godt i naturbarnehagen, noko som påverkar livet hennar. Nokon føresette kan få kjensler av skuld for å til dømes ikkje orke å gå ut om ettermiddagen. Denne kjensla av skuld kan i nokre tilfelle gå utover barna. Ikkje berre ved at dei ikkje får dette gjennomført, men og på grunn av eventuelt stress og travle dagar for å prøve å få til alt (Glaser, 2021, s.29). Dette nemnar også Anne, der ho seier at dei som foreldre ikkje er nokon «monsens-menneskjer», men at ein naturbarnehage er freistande for foreldre uansett om dei ikkje er naturmenneskjer. Ho begrunnar dette med at dei har lange arbeidsdagar, og har ikkje tid på kvelden til å vera like aktive. Anne finner ro med og tykkjer at det er godt å vite at barna får sin daglege dose med blant anna aktivitet, i saman med andre barn og kompetente vaksne.

### Påverking?

Eg stilte spørsmåla trur du ein naturbarnehage påverkar barnet ditt, og trur du ein slik barnehage påverkar ditt liv? Dei fire føresette svara alle at dei blir påverka av å sjå at barna deira har det bra, og blir påverka av kva barna deira lærar og opplev. Anne seier at ho opplev at ein naturbarnehage påverkar barna hennar i ei veldig positiv retning. Ho trekker fram at barna blir betre motorisk, barnehagen ligg litt utanfor sentrum, og at det er trygge rammer der

barna kjenner alle. Vedum (2005) nemnar det gode med å kjenne at ein er ein del av eit fellesskap. Han skriv at barna blir meir glade i å vera ute, sjølvstendige, trygge og gode på å ta ansvar for kvarandre heilt naturleg (Vedum et al, 2005, s. 21). Anne tenkjer at barna tørr å prøve ut meir og får energi, og at mykje kjem av seg sjølv ved å vera mykje ute på ulike måtar. Christian nemner også samhaldet i naturbarnehagen mellom barn ute, der dei får utfolde seg og testa seg i saman med andre. Dette seier Christian har påverka han, ved at han nå har større fokus på å leggje til rette for barn i sitt arbeid, og at barn kan få glede av å vera med barn ute.

Noko anna Anne nemnar er at dei som foreldre blir påverka av å ha barna sine i ein naturbarnehage, noko som ho ikkje hadde trudd i forkant. Dei er til dømes meir aktive på grunn av barna og kva barna gjer og har lært på barnehagen, prøvar dei å gjere heime. Anne kjem med døme som å ete mat ute. Christian nemnar også på dette, der han seier at barnet tek med seg heim det dei gjer og lærar i barnehagen, og det som er ein stor del av barnet sitt liv, blir også det for dei. Han seier at barna lever og arbeidar mykje ute i naturbarnehagen, og får opplevingar rundt kva naturen har å gje. Dette er dei glade for at barnet deira erfarer, der dei ser at det har bygd seg opp ei glede og tidvis interesse for å vera ute. Dette seiar han har påverka både barnet deira, men også dei som foreldre. Christian referera til dømes med det å ta vare på naturen, der det er i tiden med miljø og klima, og det å vera naturpilotar. Dei som foreldre har vorte påverka av naturbarnehagen til å bli flinkare til å ta vare på miljøet som til dømes ved sortering, og seier at «når barnet blir påverka, blir vi påverka». Klepsvik (1995), sin undersøking registrerte som nemnd tidlegare i oppgåva, at barn som har gått og går i naturbarnehage har eit grunnlag som gjev dei betre forutsetningar for å drive med friluftsliv seinare i livet. Dette er til dømes at barna har tileigna seg erfaringar, kjennskap og kunnskap om natur, friluftsliv og motorikk (Klepsvik, 1995).

David og Berit svarar mykje likt på desse spørsmåla, der Berit sa at denne naturbarnehagen påverkar barna deira «heilt fantastisk». Det på grunn av at barna får utfordra seg sjølv, utforska, oppleve mykje meistring, og blir tryggare på seg sjølv og på eigne avgrensingar. Barnet får fysisk trening av å til dømes bevege seg i ulendt terreng, og Berit seier at kognitive ferdigheiter blir utvikla av å vera ute. David seier at han trur at barn i ein naturbarnehage har ei raskare motorisk utvikling enn barn som ikkje er i naturbarnehage, og som Fjørtoft (2000-2004) har forska på, finn ein at motorisk utvikling i natur har ein samanheng. Det at dei føresette svarar at dei trur ein naturbarnehage verkar kunn positivt på deira barn og at barna

har det bra, blir knytt til Lysklett (2013) si forskning, der han finn foreldre knyt motorisk utvikling, erfaring og kunnskap om natur til ein lykkeleg barndom.

### Menn i barnehage

Eg stilte spørsmål om menn i barnehagen har påverka deira val av barnehage.

Intervjupersonane svara nokså likt, at det ikkje har påverka valet, men at dei er glade for at det er mannlege tilsette i barnehagen. Berit sa blant anna at det er bra med kjønnsbalanse og at det gjerne kunne vore fleire. Dei tre andre brukte ordet «viktig» angående menn i barnehagen, og støtta det med at barna får mannlege rollemodellar. Christian sa at dei mannlege tilsette blir prata mykje om i heimen, og at dei vil bli hugsa av barnet, der dei har fått ein heltestatus.

Anne svara «for ei gåve» med mannlege tilsette, og at ho ser verdi av både ulik alder og kjønn i barnehagen. Lysklett og Emilsen (2013) sin undersøking av menn i naturbarnehage, viser til at desse mannlege tilsette har gjort eit klart val for seg sjølv, og meiner at barn får god kunnskap og opplevingar ved å vera ute i naturen. I tillegg har dei funne ut at det i 2013 var høgare prosentdel menn i naturbarnehagar med 24%, mot 16% i andre barnehagar (Lysklett, 2013, s. 132). Det var ingen av intervjupersonane som sa noko om det med at dei mannlege tilsette herjar meir med barna, som Nordmo (2023) har forska på (Dietrichson, 2023).

### Naturen som læringsarena

Kva tankar har du kring naturen som læringsarena, spurde eg dei føresette. Eg oppfattar svara frå intervjupersonane, som at dei ser på naturen som ein viktig læringsarena for sine barn, der blant anna Berit seier at «har ein naturen, så har ein mykje». Det å lære fag ute, ser ikkje Berit på som noko motsetning. Ho meiner at opplevingar og erfaringar utandørs er viktig og at barna hennar lærar å meistrar å beherske livet, er eit viktig grunnlag. Dette seier også Christian, der barna får naturlege utfordringar og utfolding i naturen. Han peiker på det å kjenne på naturlege element, som til dømes det å kjenne at det er glatt, vind eller kaldt. David nemnar at naturen som ein stad å lære, gjer at barna får større forståing av til dømes forskjellen på årstider, å det å lære seg å kle seg. Desse tankane og meiningane treff det Fjørtoft (2000 – 2004) skildrar kring årstidene. Dei skapar moglegheiter for barn sin leik i eit naturmiljø, og endringar i landskapet vil påverke barn sin leikeåtfærd. Miljøet kring barna ser ein har innverking på deira motoriske utvikling, ved at dei til dømes om sumaren kan sykle og om vinteren gå på ski (Fjørtoft, 2000-2004, s. 18).

Anne tek opp det med å bruke det naturlege når man er på tur, og tykjar at det å lage noko sjølve og ikkje vera avhengige av det ho kallar «Dupeditter», spesielt ute, er viktig å lære seg.

Häfner (2002) sin studie visar til at barn i naturbarnehagar utvikla gode sosiale evnar, der dei ikkje har like mange leiker å leike med. Dette førar til at barn leik meir med kvarandre, som vidare utviklar barnet sin kommunikative og sosiale evnar (Lysklett, 2013. s.146). Vidare seier Anne at naturen som læringsarena er viktig i den tiden vi lever i, der vi må lære om berekraft og korleis vi kan ta vare på naturen. Ho trur at det vil bli meir fokus på det naturlege, og at det må snu snart. Da tykkjer Anne at naturbarnehagen er ein «perfekt» måte å starte på for barn, der dei får tidleg sjå kva som er naturleg og ikkje.

### Utemiljøet

Tankane intervjupersonane har kring utemiljøet til naturbarnehagen er felles, der dei alle nemnar plasseringa av barnehagen. Dei føresette nemnar at dei er tilfredse med at barnehagen ligg utanfor sentrum, og har eit rikt utemiljø. Dei nemnar også at barnehagen ligg i ei skråning, og Berit kallar det eit «håplaut» terreng, men som har mange moglegheiter. Dette er også Christian inne på, der han seier at naturbarnehagen inneheld alt ein kan ynskje seg, der dei har mange naturlege element. Det at barnehagen ligger i ei skråning opplever han at barna gløymer, der barna leik seg og har det gøy utan å tenkje over at formasjon av uteområdet er utfordrande. Christian seier også at dette kan vera ulikt korleis barnet har det når dei er med foreldre på tur, og han er glad for at barnet kan lettare byggje ei større glede av å vera ute i barnehagen. Nærmiljøet til barnehagen seier David er opent og trygt, og med tilgang på skog, vatn og beiteområde. Anne sa at naturbarnehagen har vald ut fine plasser som dei tek i bruk, som er i form av både opne plassar, gapahuk, grillhytte og meir. David sa også at «ein liten privat barnehage, gjer at det blir stor tilknytning til kvarandre». Prøis (1998) var inne på at nærmiljøet rundt der ein er vaksen opp, kan ha stor betydning for barnet sin stadstilhørrelse. Det verka som at dei føresette ser på nærmiljøet til naturbarnehagen og barna, som verdifullt, der dei har mange moglegheiter for til dømes utforsking, leik og undring.

### Utfordringar

Eg stilte spørsmålet om dei opplevde nokon utfordringar med å ha barnet sitt i ein naturbarnehage. David var rask til å seie at det berre er positive utfordringar, ved å ha barnet sitt i ein slik barnehagen. Anne, Berit og Christian svarta at det dei opplevde kunne vera ei utfordring var klede og utstyr. Anne sa, «barna er mykje ute, treng mykje klede og gode klede». Dette var noko dei såg for seg kunne vera ei utfordring for eventuelt andre, men at dei ikkje tenkte over det som ei utfordring. Dei føresette vel å stille med blant anna gode nok klede til barna, slik at dei skal kunne få utforske, oppleve og leike seg mykje ute. I tillegg nemnde dei at barnehagen også har både låneklede og låneutstyr som til dømes langrennsski

til dei som vil låne. Dette kan ein knyte opp til det Glaser (2021) skriv, om at nå i dag er som oftast begge føresette dobbeltarbeidande, og ein kan da tenkje seg at dei har betre råd nå (Glaser, 2021, s. 29).

### Noko å leggje til?

Det siste eg spurde om, var om det var noko anna dei ville leggje til knytt til tanken på valet av barnehage. Alle kom med attendemelding om at dei var tilfredse med naturbarnehage, og at dei forstod det enda meir da dei deltok på intervju. Eg opplevde at intervjuet gjorde at dei føresette kanskje måtte reflektere over deira val, og at dei på denne måten vart meir bevisste valet dei har gjort. Christian avslutta med å seie at kombinasjonen av tilgang på dyr og natur er det som er fasinerande og som barnet har lært mykje av. Han har opplevd ein god og trygg relasjon til dei tilsette, og barnet kan på bakgrunn av dette utfolde seg og «gi gass». Han seier at om det skulle bli eit barn til ein gong, ville dei visst kvar dei skulle søkje. Dette fortalde også Anne, og eg fann det både interessant og morosamt, i tillegg til at eg tykkjer at det understrekar at dei er fornøgde med valet av naturbarnehage. Anne og mannen valde nemleg å få fleire barn tidlegare, slik at dei var sikrere på å kunne få barnehageplass i denne naturbarnehagen.

David seier at han er glad for at barna har moglegheit til å gå i naturbarnehage, og at dei som familie pratar om og gler seg kvar dag. Berit la til at barna som kjem i frå denne naturbarnehagen har ein god empati, og eit «veldig godt» utgangspunkt. Dette nemnde også Häfner (2002) ut i frå sine forskingsresultat, der barn i frå naturbarnehagar er meir sosiale og omsorgsfulle, mindre aggressive, hjelp andre barn og arbeidar betre i team. Han la også til at barn i naturbarnehage får større friheit i barnehagekvardagen, som er med på å gjere barna meir sjølvstendige (2013. s.146).

### Konklusjon og avslutning

Utgangspunktet for denne oppgåva, var å undersøkje kvifor føresette vel naturbarnehage for sine barn. Eg valde å ta i bruk kvalitativ metode i form av intervju og på bakgrunn av oppgåva sitt omfang, intervjuar eg fire føresette ved ein naturbarnehage. Eg laga meg ein intervjuguide ut i frå problemstillinga, og eg fekk gjennomført intervju der etter. Svara i frå informantane var interessante og utfyllande, og eg fekk samla inn nok empiri til oppgåva. Sidan eg kunn har intervjuar fire føresette i frå den same naturbarnehagen, tenkjer eg at resultatata ikkje nødvendigvis vil vera like som i andre barnehagar med det same konseptet for natur. Teorien eg tok i bruk i oppgåva, kan ein sjå at for det meste har ei tilknytning til resultatata.

Etter å ha gjennomført og arbeidd med intervjuet og svara i frå intervjupersonane, har eg inntrykk av at informantane har mykje dei same tankane og meiningane, men meir fokus innanfor kvar sitt område. Anne (30år) har eg inntrykk av valde naturbarnehage mykje på grunn av dagens samfunn, der ho har ei oppfatning av at barn blir meir stillesittande. Berit (36år) la meir vekt på den motoriske utviklinga, og prata om den jamt gjennom intervjuet. Christian (46år) valde naturbarnehagen mykje på grunn av det gode ryktet til barnehagen, men han tykkjer at å ta i bruk naturen og lære om den er viktig for sitt barn. Det som går at i mykje av svara til David (56år), er at han valde naturbarnehage både fordi den har småe forhold, men også at dei har tilgang til dyr. Alt i alt ser eg ut i frå resultata, at dei føresette kunn har gode ord rundt valet av barnehage og at dei er tilfredse med denne naturbarnehagen.

Eg sitt nå at med ei erfaring med å gjennomføre både intervju, og ein større kunnskap og viten rundt kvifor føresette vel naturbarnehage. Det har vore spanande å undersøkje, der eg fekk fleire ulike svar enn det eg kunne tenkje meg før eg starta prosjektet. Vidare nå har eg fått arbeid innanfor ein naturbarnehage, og eg veit nå kva føresette kan tenkje. I tillegg følar eg meg nærmare draumen min, men fyrst lyt eg få meir erfaring og kunnskap rundt det å arbeide som barnehagelærer på heiltid. Dette blir spanande.



## Kjelder

- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7.utg.). Gyldendal.
- Dietrichson, S. (2023). Menn i barnehager er mer fysisk aktive med barna. Kilden.no. <https://kjonnsforskning.no/nb/2023/03/menn-i-barnehager-er-mer-fysisk-aktive-med-barna>
- Fjørtoft, I. (2000 -2004). *Landskap as playscape – learning effects from playing in a natural environment on motor development in children*. Doktoravhandling, Norges idrettshøyskole, Oslo.
- Forskerfabrikken - <https://gamle.forskerfabrikken.no/er-naturbarnehager-best/>
- Grahn, P. (1997). *Ute på dagis: Hur använder barn daghemsgården? Utformingen av daghemsgården och dess betydelse för lek, motorisk och koncentrationsförmåga*. Movium.
- Helsedirektoratet - <https://www.barnehage.no/digitale-verktoy-fysisk-aktivitet-uit/fysisk-aktivitet-og-skjermbruk-i-barnehagen-en-motsetning/232991>
- Klepsvik, K. (1995). *Friluftsliv i barnehagen*. Hovedoppgave. Norges idrettshøgskole, Inst. Forsamfunnsfag, Oslo.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>
- Lyseklett, O. B. (2013). *Ute hele uka – natur- og friluftslivbarnehage*. Universitetsforlaget.
- Nygård, M & Heggevold, G. I. (2020). <https://www.utdanningsnytt.no/barnehage-barnehagelaerer-barnehagepedagogikk/ulike-syn-pa-barn-gir-oss-ulike-syn-pa-laering-som-avgjor-hva-slags-barnehage-vi-far/167890>
- Rienecker, L. & Jørgensen, P. S. (2013). *Den gode oppgaven* (2.utg.). Fagbokforlaget.
- Sandseter, E, B. H, & Hagen, T, L, & M, T. (2018). *Kroppslighet i barnehagen – pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse*, Gyldendal.
- Vedum, T, V. & Dullerud, O. & Ødegaard, T. (2005). *Natur- og gårdsbarnehagen*. Fagbokforlaget.
- st.meld. nr. 27 (1999-2000). *Særskilde barnehagar*. Barne- og familiedepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/f3e9eee390254689baf836ddf24a14ec/no/pdfa/stm199920000027000dddpdfa.pdf> .

Vedlegg 1

## Informasjonsskriv

Hei! Eg heiter ... og er student ved HVL.

Epost:

Telefon:

Eg har tidlegare vore student i denne barnehagen, og eg fann naturbarnehage svært interessant. Mykje på bakgrunn av denne erfaringa og eit ynskje om å arbeide i ein slik barnehage, vel eg å skrive om det i min bacheloroppgåve. Problemstillinga mi er «Kvifor vel foreldre naturbarnehage?».

Med bakgrunn i denne problemstillinga, vil eg bruke intervju til å finne svar på ulike tankar knytt til dette.

Ynskjer du å stille opp på intervju med meg, hadde det vore fint og lærerikt! :-D

Eg legg ved samtykkeskjema, med informasjon og dette skal vera anonymt gjennom heile prosessen.

Håpar du har lyst til å ta ein prat, det hadde eg satt stor pris på!

Rettleiar er ... , epost: .. og telefon ...

Helsing «student»

## Vedlegg 2

# Samtykkeskjema for deltaking til bacheloroppgåve

Dette er eit spørsmål om du ynskjer å delta som informant til min bacheloroppgåve.

Formålet med oppgåva er å undersøkje, kvifor foreldre vel å ha barnet sitt i ein naturbarnehage.

Problemstillinga mi er: *kvifor vel foreldre naturbarnehager?*

## Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du ynskjer å delta i dette prosjektet, inneber det å delta i intervju, som er metoda eg har vald til å samle inn datamateriale. Intervjuet vil innehalde spørsmål om kva dy/dykk tenkjer barnet dykker får ut i frå å vera i ein naturbarnehage. Rettleiar vil få innsyn i informasjon frå intervjuet. Det vil derimot ikkje bli gjeve personopplysningar, eller andre opplysningar som kan føre til identifikasjon av deg, og dine.

## Det er frivillig å delta

Det er heilt frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket ditt, utan å oppgje grunn. Alle dine personopplysningar og informasjon frå intervjuet vil da bli sletta.

## Ditt personvern – korleis eg oppbevarar dine opplysningar

Datamaterialet og oppgåva vil vera anonymisert og det vil dermed ikkje vera mogleg at nokon kjenner deg at. Eg vil behandle personopplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Notat i frå intervjuet, vil bli oppbevart utilgjengeleg for andre. Dersom det kjem fram personopplysningar undervegs i intervjuet, vil desse bli koda slik at kun eg kan forstå kva det betyr.

## Kva skjer med opplysningane etter at bacheloroppgåva er levert?

Notata frå intervjuet makulerast og blir sletta når oppgåva er levert, og godkjend. Oppgåva skal bli levert 25.mai, deretter følgjer ein tre veker sensurtid.

### Hvor kan eg finne ut mer?

Dersom du har spørsmål til oppgåva, eller ynskjer meir informasjon, ta gjerne kontakt med:

Namn:

Mobil:

E-post:

Eller min rettleiar:

Namn:

Mobil:

E-post:

Med vennleg helsing

....

### Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjonen om prosjektet, og fått anledning til å stille spørsmål.

Eg samtykker til:

Å delta i intervju

Dato: .....

Eg samtykker til at mine svar kan bli oppbevart og behandlast fram til prosjektet er avslutta. Sidan prosjekter ikkje er behandla av NSD, kan eg ikkje innhente din underskrift. Samtykket blir derfor gjeve ved at du kryssar av i boksen ovanfor.

### Vedlegg 3

#### Intervju

**Temaet:** «Kvifor vel føresette naturbarnehage?»

#### Introduksjon

- Kven eg er, og kva intervjuet skal brukast til.
- Informere om oppgåva og problemstilling.
- Samtykke skjema og informasjonsskriv
- Anonym
- Det er ingen svar som er rette eller feil, det handlar om dine tankar.
- Eg vil ta notat.
- Har du delteke/erfaring med slike intervju før?
- Intervjuperson introdusera seg sjølv:
- Kva arbeidar du med?
- Kva oppfattar du er prosjektet sitt mål?

#### Fokus

##### Naturbarnehage – føresette

1. Kor mange barn har du?
  - Er det ditt fyrste barn i naturbarnehage?
  - Kvifor valde du naturbarnehage for barnet ditt?
  - Kva er eventuelt forskjellen og kvifor dette valet nå?
2. Kva tenkte du ein naturbarnehage handle om/ arbeidde med?
3. Har du sjølv ei interesse for konseptet naturbarnehagen, og eller var valet påverka av barnehagen sitt gode rykte? – Folkehelse
4. Korleis trur du ein slik barnehage påverkar barnet ditt?
  - Livsmestring – motorisk – opplevingar – naturen som læringsarena?
5. Trur du ein naturbarnehage påverkar livet ditt?
  - Om ja, på kva måte?
    - Meir aktive barn, aktiv kvardag?
    - Inspirasjon frå barnehagen som du tek med deg heim?
6. Kva utfordringar er det ved å ha barnet ditt i ein naturbarnehage?
7. Er det noko dykk ynskjer det skulle vore meir av?

##### Foreldresamarbeid

8. Kva er viktig for deg i eit foreldresamarbeid?

- Er dette annleis i ein naturbarnehage? (om ein har erfaring i frå andre barnehagar)
  - kommunikasjon, aktivt brukt i til dømes køyring, medverking
9. Korleis opplever du det kring egne innspel og medverking til barnehagen?

### **Personalet**

10. Kva tenkjer du ein barnehagelærer bør ha av kunnskap og kompetanse innanfor natur og friluftslivfeltet?
11. Korleis oppfattar du personalet, er det stabilt – mtp. fråvær og liknande?
12. Arbeider det menn i denne barnehagen?
- Korleis har dette eventuelt påverka valet av barnehage?
    - (Menn som rollemodell)

### **Naturen**

13. Kva tankar har du kring naturen som læringsarena?  
– dyr, dyreliv, kroppslegheit, mat, språk..
14. Kva tankar har du rundt utemiljøet til barnehagen?
- (Altså området rundt barnehagen)
15. Er du redd når ungen din leik i dette utemiljøet? - risikoleik

### **Annet**

16. Har du noko du vil leggje til, med tanke på at du valde denne barnehagen?

### **Oppsummering**

- Takke for deltaking